
Fra: Trude Brosvik [mailto:Trude@gulen.kyrkja.no]

Sendt: 14. august 2013 10:13

Til: Postmottak KUD

Emne: 00021011

Høyringsvar frå Gulen kyrkjelege fellesråd på "Det livssynsopne samfunnet"
mvh Trude Brosvik

Kulturdepartementet

Eivindvik 08.08.2013

Vår sakshandsamar: Trude Brosvik

Vår ref.: 13/00052-001

Arkivkode: 012.2

Det livssynsopne samfunnet, høyringsuttale frå Gulen kyrkjelege fellesråd

Gulen kyrkjelege fellesråd sluttar seg til uttalen frå Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon (KA)

http://www.ka.no/_service/481/download/id/36769/name/KAomtrosoglivssyn.pdf

med følgjande presiseringar:

- ◆ Det er positivt at ein går vekk frå uttrykket "livssynsnøytralt" som eit ideal for offentleg politikk. "Livssynsopne samfunn" gjev betre støtte for at tru og livssyn er ein del av samfunnet og sjølvstøtt ein del av folk sine liv.
- ◆ Vi er glade for at utvalet understrekar at staten skal føre ein aktivt støttande trus- og livssynspolitik. Vi vil understreke at lik handsaming av ulik tru og livssyn heller må opne for meir livssynsnærver enn å innskrenke eksisterande ordningar knytt til Den Norske kyrkja. Folkekyrkja står sterkt i vårt område, og slik ønskjer vi at det skal kunne vere framleis.
- ◆ Prinsippet om likeverdig behandling av alle trussamfunn må ikkje vere til hinder for at det offentlege kan ha særskilde ordningar overfor kyrkjebygg med kulturminneverdiar og kristen kulturarv.
- ◆ Vi ønskjer ei vidareføring av orninga med vigsel i regi av trus- og livssynssamfunn.
- ◆ Vi meiner Den Norske kyrkja framleis skal ivareta det offentlege gravferdsansvaret for alle.

Venleg helsing

Trude Brosvik
Kyrkjeverje